

## Innkalling og referat Utdanningsutval, FHS

Dato: 25.5.20 Zoom møte kl 09:00-11:00

---

**Deltakarar:** Ingrid Narum møter for Toril Forbod., Anne-Grethe Naustdal, Eli Bjøvad Eikefjord, Johannes Haltbakk, Unni Margrethe Uren Aasen, Cecilie Thaulé Løvlid, Kristin Senneset, Fredrik Sørensen (studentrepresentant) og Hilde Kristin Tveit.

**Forfall:** Olivia Aarheim Hjertø (studentrepresentant)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
<b>1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste</b>		Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt kommentarar. Er det saker til eventuelt?	Prodekan	5 min
<b>Referat:</b> Innkalling og sakliste ble godkjent utan kommentarar. Det blei ikkje meldt saker til eventuelt.				
<b>2/20 Konsekvensar av koronaviruset ved HVL og i fakultetet</b>	Vedlegg i Teams: <a href="#">Informasjon om koronatiltak</a>  <a href="#">Rammer for undervisning HVL</a>  <a href="#">Framlegg mandat digital rettleiing og</a>	Fakultetet har hatt ei eiga beredskapsgruppe knytt til utdanning. Dei har hatt møter med alle fagseksjonar og fellesemne. Beredskapsdokumentet med samandrag av våre behov og framlegg til løysingar vert klart 20.mai. Rammene vi planlegg ut i frå fylgjer vedlagt.	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon	40 min

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

	<p><a href="#">vurdering i praksisstudiar</a></p> <p><a href="#">Beredskapsplan for hausten</a> (dette er eit stort dokument - tilråd å legge vekt på føringane for planlegging av undervisning til hausten)</p>	<p>På grunn av pandemien trengs det også ei løysing kring våre fagtilsette si oppfølging av studentar i praksisstudiar. Smittevernreglar kan både delvis og heilt avgrense vår tilgang til helse og sosialfaglege institusjonar. I lys av situasjonen vert det i samråd med praksisfeltet og VID sett i gang eit arbeid med å utvikle ein mal for digital rettleiing og vurdering av studentar hausten 2020. Arbeidet vert kopla til praksisprosjektet.</p> <p>Utdanningsutvalet bes om å kome med innspel på fakultetet sine planar og handtering av krise i vår. Utvalet bes særleg om å vurdere råd kring korleis fakultetet best kan ta imot nye studentar frå hausten og innspel til korleis det bør arbeidast med digital rettleiing i praksisstudiar.</p>		
<p><b>Referat:</b>          Prodekan orienterte om kor fakultetet er i arbeidet med konsekvensane til pandemien og korleis fakultetet jobbar med planlegginga av haustsemesteret. Ei undersøking om digital undervisning og rettleiing i praksis sendast ut til studentane denne veka. Dette vil gje fakultetet ei god tilbakemelding om vidare oppfølging og tilrettelegging.          Frå hausten planlegg HVL med eit belegg på berre 38% av areal kapasiteten i undervisningsromma (auditoria) .          Dei flate klasseromma tar like mange studentar som til eksamen.</p>				

### Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Beredningsgruppa for utdanning (5 personar) har hatt planleggingsmøte med alle fagseksjonsleiarane. Kvalitetsrådgivarane, programkoordinatorar og instituttleiarane har og vore med på møta. Eit eige dokument med alle emna er laga der alle endringane ein ser føre seg for hausten 2020 er lagt inn i dokumentet. Dokumentet skal vere til hjelp i den vidare planlegginga av haustsemesteret. Fakultetet har med dette fått ei god oversikt over aktiviteten hausten. Ny rombestilling må utarbeidast i tråd med arealsituasjonen og dei gjeldande smitteverntiltaka.

Fakultetet har ikkje fått ekstra ressursar og må planleggja med dei ressursane vi har. Første års studentane prioriterast frå hausten samt fellesemne og ferdigheitstrening. Det planleggjast med mindre grupper. Det er utarbeidd eigne retningslinjer for SimArena. Kjernetida for undervisning vurderast utvida for ferdigheitstrening ved SimArena.

Praksis – er planlagt gjennomført som vanleg, men det vurderast digital rettleiing. Det er Inedsatt ei arbeidsgruppe som lagar ei rettleiing for korleis digital rettleiing i praksis kan gjennomførast. Dette kan ytterlegare utviklast når vi får resultata av undersøkinga som no skal sendast til studentane. Noko av observasjonspraksis er tatt ut haustsemesteret

Målet vårt er å få studentane mest muleg til campus. Vi planlegg digital undervisning i stor grad pga romkapasiteten, men med endra smittevernreglar er det mogeleg å opne opp med fysisk undervisning på campus. For studentane er forutsigbarhet viktig. Dette gjeld spesielt for praksis, obligatorisk læringsaktivitet og eksamen. Digital eksamen gjennomførast uansett om høgskulen opnast opp.

#### Kommentarar frå Utdanningsutvalet:

- FHS har kome langt i planleggingsarbeidet for hausten. Arbeidet har inkludert fagseksjonane på ein god måte. Det er utarbeidd et godt og ryddig dokument
- Dokumenta som er utarbeida gir ei god oversikt for emneansvarlege også
- Studentane er inkludert i arbeidet med planlegginga. Dei er nøgd med planlegginga og at den er framsynt
- Fagtilsette har gjort ei god jobb med å nytte digitale læringsformer men det vert etterlyst meir oppfølging og rettleiing
- Viktig å ha ei eiga eining som støtte undervisningspersonalet. Ved OsloMET har dei oppretta Læringsbibliotek med oppsummering av kunnskap for effekt av digitale undervisningsformer. Dette biblioteket kan brukast av fleire. Lenke til læringsbiblioteket kjem To nye faglege førsteamanuensar er tilsett i 50 % stilling ved FHS frå hausten av. Dei skal støtta i arbeidet med e-læring og digitale formar for læring. [Avdeling for utvikling av læring og undervisning](#) skal og vere til hjelp og støtte i dette arbeidet
- Det er viktig at fakultetet er oppmerksom på at studentane må kome tilbake til campus sjølv om det er planlagt mykje digital undervisning frå hausten – dette bør informerast ut til studentane

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

- Angående piloten med studentassistentar frå hausten: Er det mogleg å nytte studentassistentane som støtte i undervisninga? Studentassistentane kan ikkje nyttast på SimArena då det krev for mykje opplæring
- Kva med praktisk eksamen frå hausten? Der ikkje planlagt med at studentane kan forberede seg til praktisk eksamen med eigentrening. Då må og praktisk eksamen gå ut. Munnleg eksamen bør då vere eit alternativ

Utdanningsutvalet er særst godt nøgd med det arbeidet som er gjort i fakultetet med planlegginga av undervisninga til hausten. Dei støtter opp om arbeidet og dei planane som er lagt for haustsemesteret.

<p><b>3/20 Utvikling av kvalitetsarbeidet - Studieprogramråda</b></p>	<p>Vedlegg i Teams:</p> <p><a href="#">Årshjul for møte i Studieprogramrådet</a></p> <p><a href="#">Ressursbruk Studieprogramråd</a></p>	<p>Utdanningsutvalet bes om å gje innspel på forslag til årshjul for Studieprogramråda slik at dei betre kan følge opp kvalitetsarbeidet i studieprogramma.</p> <p>Fakultetet har vald å bruke mykje ressursar på studieprogramråda. Utvalet utfordrast til å gje innspel på korleis fakultetet på ein effektiv og best mogleg måte kan bruke Studieprogramråda framover.</p>	<p>Kvalitetsrådgjevar orienterar og innleiar til diskusjon</p>	<p>20 min</p>
---	--	---	--	---------------

**Referat:**

Det er utarbeida forslag til eit konkret årshjul som skal vere til hjelp for fagseksjonsleiar og sekretær når dei skal utarbeida sakliste for møte i studieprogramråda. Status kvalitetsarbeid er lagt inn som eit punkt i kvart møte for å sikre at Studieprogramråda får følgje med på tiltak og oppfølging av kvalitetsarbeid i studieprogramma ( kvalitet i emne og kvalitet i studieprogram). I tillegg er det satt fokus på å følgje opp sentrale årlege tema i utdanningane:

- Bruk av E – læring og digitale læringsformer
- Sak om praksis
- Sak om internasjonalisering

Videre er det laga ei oppsummering som synar ressursbruk fakultetet har knytt til Studieprogramråda.

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

**Innspel frå Utdanningsutvalet:**

- Treng vi ha fleire møter? Tre møter anbefalast for BA utdanningane og to for MA utdanningar som er samlingsbasert.
- Møta bør vere digitale ( om ikkje alle deltakarane har tilhald nær campus)
- Studieprogramråda er eit viktig møte for medverknad
- Å ha eit eiga årshjul er nyttig og gir ei god oversikt over tema som er viktig i kvalitetsarbeidet
- Viktig å bruke studieprogramråd til å gi tilbakemelding på nye studieprogram og nye emne. Det er og viktig å ha fokus på internasjonale emne og tilbod om enkeltemne
- Ekstern representant frå ei annan høgskule (fagfelle) er nyttig å ha med i studieprogramråd og utvalet anbefaler at råd som ikkje har det i dag bør vurdere å få med ein fagfelle representant. Det er positivt å styrke samarbeidet nasjonalt
- Når fakultetet brukar mykje ressursar på studieprogramråda, er det viktig at råda diskuterer saker som gjev fagseksjonsleiarane gode råd
- 13 studieprogramråd med ei kostnad på kr 3000.000 er ei investering om fagseksjonsleiarane får gode faglege råd frå sitt studieprogramråd
- Studieprogramråda er hjarta og grunnpilaren i kvalitetsarbeidet og bruk av studieprogramråd bør vere eit tema på utvida leiarsamling, der kvalitetsrådgjevarar og sekretærar bør bli med
- Korleis kan fagseksjonane trekkje med seg møte med studenttillitsvalt i kvalitetsarbeidet? Utvalet foreslår at det kan inkluderast i årshjulet

Utdanningsutvalet tykkjer at årshjul for studieprogramråda er eit nyttig verktøy og at fakultetet bør ha temaet *Bruk av studieprogramråd* på ei utvida leiarsamling. Utvalet anbefaler og at studieprogramråd som ikkje har ekstern fagfelle representant, bør vurdere å få med ein i studieprogramrådet.

<p><b>4/20 Årsrapport 2019 og plan for 2020</b></p>	<p>Vedlegg i Teams: <a href="#">Årsrapport 2019</a>  <a href="#">Årsplan for 2020</a></p>	<p>Utdanningsutvalet bes om å gje innspel i lys av situasjonen fakultetet no står i og kva for område knytt til utdanning som bør prioriterast i årsplan for 2020.</p> <p>PS! Årsplanen er samla ikkje heilt ferdig stilt, men utdanningsområde skal vere bra dekkja.</p>	<p>Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon</p>	<p>20 min</p>
<p><b>Referat:</b></p>				

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

Årsrapport frå 2019 er lagt ved til orientering. Arbeidet med årsplan for 2020 kjem seint men er snart i mål. Skal godkjennast av leiarmøtet i morgon.

**Innspel frå Utdanningsutvalet:**

- Kurset høgskulepedagogikk har kapasitetsproblem. Det er planlagt utviding av høgskule pedagogikk. Kan dette organiserast på ei anna måte? og kan HVL tilby kursa på kvar campus?
- Meritteringsordninga har vore tema på FOU verkstad ved vernepleiarutdanninga – rådar andre fagseksjonar å gjere tilsvarande
- Pkt 1.8 – Auke tal på kombinerte stillingar – kva tenkjer vi med dette tiltaket? Er det nokre rammer for dette? Ulik bruk i dag. Fakultetet må nytte dei stillingsheimlane dei har. Nokre dekkast av praksismidlar (føretak og kommunar).
- Å auke kombinerte stillingar er viktig. FHS bør sjå på kompetansen i dei kombinerte stillingane - kva for ein kompetanse treng fagmiljøa? Kva kompetanse manglar? Fagmiljøa bør tenkje strategisk. Korleis kan FHS følgje opp dette vidare?
- OsloMet – for å få stillingar med førstekompetanse i praksisfeltet tenkjer dei strategisk og prioriterer deretter

Utdanningsutvalet tykkjer fakultetet har satt opp relevante tiltak i årsplanen for 2020 og ber om at innspela frå møtet tas med i det vidare arbeidet.

<p><b>5/20</b> <b>Studieporteføljeutvikling</b></p>	<p>Vedlegg i Teams:</p> <p><a href="#">Plan for oppfølging av utgreiingssøknader master</a></p> <p><a href="#">Sakspapira kring utgreiingssøknadar styret</a></p> <p><a href="#">Søkertal samordna opptak 2020</a></p>	<p>Styret har gjeitt oss løyve til utvikling av tre mastertilbod, alle med oppstart hausten 2021</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Erfaringsbasert master i arbeid med par, familie og nettverk</li> <li>• Erfaringsbasert master i klinisk sjukepleie – kroniske sjukdommar og smittevern</li> <li>• Master i avansert klinisk allmennsjukepleie</li> </ul> <p>Studieplankomitear er no under nedsetting</p> <p>Utdanningsutvalet blir orientert om status for utvikling av nye masterstudiar i fakultetet, søknad om nye studieplassar samt lokalt og samordna opptak for 2020</p>	<p>Prodekan orienterar om status for utvikling av studieportefølje.</p> <p>Studieadministrativ leiar orienterar om søknad om nye studieplassar og om lokalt/ samordna opptak 2020</p>	<p>20 min</p>
---	--	---	---	---------------

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

	<a href="#">Opptakstall og søknader om nye studieplasser</a>		Innspel frå utvalet til fakultet sitt arbeid med utvikling av studieportefølja	
<p><b>Referat:</b></p> <p>Studieportefølje har vore ei sak fakultetet har hatt oppe fleire gonger i Utdanningsutvalet. Det er eit arbeid som er godt forankra i FHS leiinga og i Utdanningsutvalet. Fakultetet ser på dagens portefølje og ser om vi kan bruke dei studieplassane vi har på ei anna måte. Å utvikle nye studieprogram og gjere om på eksisterande vidareutdanningar og masterutdanningar er også i fokus.</p> <p>Fakultetet har søkt høgskulestyret om løyve til å utvikle tre nye masterutdanningar og har fått godkjent utgreiingssøknadane. Studieplanarbeidet er i gong for dei tre masterutdanningane:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Erfaringsbasert master i arbeid med par, familie og nettverk</li> <li>• Erfaringsbasert master i klinisk sjukepleie – kroniske sjukdommar og smittevern</li> <li>• Master i avansert klinisk allmennsjukepleie</li> </ul> <p>Ny utgreiingssøknad utarbeidast for master i barnevern ( skal behandlast i juni møtet). Dette arbeidet planleggjast over 2 år.</p> <p>For å nå fristen til studiestart 2021 må studieplanane vere klar i november. Dermed er fristen for studieplan og søknad om akkreditering satt til 15. september .</p> <p><b>Innspel frå utdanningsutvalet:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Der er kort frist for søknadane. Det er eit omfattande arbeid å utarbeide nye studieprogram. Klarer verkeleg fakultetet å gjere dette arbeidet med god kvalitet innan fristen 15. september?</li> <li>• Det er også mykje arbeid som skal leggjast ned i sjølv akkrediterings søknaden</li> <li>• Enkelt emne er også viktig å tilby. Dette er i tråd med Livslang læring</li> <li>• Vil det vere dei same studentane som søker ei vidareutdanning som vil søkje opptak på eit enkelt emne?</li> <li>• Det er også viktig at det er mogleg å ta vidareutdanning</li> <li>• Det er viktig at masterutdanningane er opne og ikkje så lukka slik at fakultetet kan rekruttere fleire studentar</li> <li>• Det er bra at fakultetet har eit karriere løp frå bachelor til master</li> </ul>				

### Fakultet for helse- og sosialvitenskap

OsloMet har to erfaringsbasert mastertilbod. Dei jobbar no med å plassere dei under ein «paraply» saman med dei internfinansierte masterutdanningane.

Studentane får ikkje lenger karakterutskrift for fullført vidareutdanning ved HVL. Dei blir vist til [Vitnemålsportalen](#). Fakultetet jobbar med eit brev som skal gå frå FS til dei studentane som har fullført ei vidareutdanning ( Gratulerer med fullført.... ). Fakultetet jobbar også med eit system for å halde på studentane og få dei til å fullføra si grad f.eks. Suppleringsopptak for mastergraden mm. Studentane må ta minimum 60 sp ved HVL for at vi kan skrive ut ei mastergrad.

#### Opptakstall 2020

Det har vært god søknad jamt over for alle våre utdanningar. Tre vidareutdanningar er avlyst.

Det har vært gode møter mellom instituttleiarane og fagseksjonsleiarane om opptakstalla. Supplering til lokalt opptak blei gjort i forutgåande veke.

Følgjande studieplassar har fakultetet søkt om knytt til ekstra studieplassar pga pandemien:

- 10 studieplassar til master i klinisk sjukepleie - Helsesjukepleie
- 5 studieplassar til master i klinisk sjukepleie - Intensivsjukepleie
- 20 studieplassar til bachelor i vernepleie
- 10 studieplassar til bachelor i barnevern
- 10 studieplassar til bachelor i sosialt arbeid
- 15 studieplassar til bachelor i sjukepleie

Har fakultetet praksisplassar til dei nye studieplassane? Avgjersla er gjort i samarbeid med praksisplassane. Det er behov for å få auka studieplassar. Spørsmålet er om kva campus som får disse plassane.

Bachelorutdanning – i år skal det være digital registrering (pga. pandemien). Fakultetet er spent på korleis dette vil slå ut. Vi er redd for at studentane registrerer seg på fleire studiestader.



Fakultet for helse- og sosialvitenskap

<p><b>6/20 Orienteringar</b></p>	<p>Lenker og vedlegg i Teams:</p> <p>Rettleiar for <a href="#">BA og MA oppgåver</a> (sjå nedst på nettsida)</p> <p>Handlingsplan inkluderande læringsmiljø</p> <p><a href="#">Praksisprosjektet</a></p> <p>EVU og Livslang læring</p>	<p>Utdanningsutvalet får dei tre sakene til orientering og får mogelegheit til å kome med spørsmål og kommentarar.</p> <p>Utforminga i feltet EVU og livslang læring har blitt utfordra i vår nye organisasjon. Ei HVL-arbeidsgruppe med brei forankring og kompetanse innan feltet EVU og livslang læring er i gang med intensivt arbeid fram mot ei styresak på området i juni. Arbeidet rettar særskilt fokus på organisering, styring, støttefunksjonar og finansiering. Det er avgjerande at vi finn ei hensiktsmessig arbeidsdeling mellom fakultet, institutt, AKS og andre einingar i fellestenestene. Under dette skal gruppa foreslå hensiktsmessig organisering av støttefunksjonar sentralt og lokalt for EVU-verksemda.</p>	<p>Prodekan orienterar</p>	<p>10 min</p>
----------------------------------	--	--	----------------------------	---------------

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

<b>Referat:</b> Utdanningsutvalet tek sakane til orientering.				
<b>7/20 Eventuelt</b>	Vedlegg:			5 min
<b>Referat:</b>				